



Melding om vedtak

Finansdepartementet
postmottak@fin.dep.no

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	159/2020 - 2019/546	Janne Thorsland Elvenes		10.01.2020

NOU 2019-16 SAKSFRAMLEGG HØYRING ÅSERAL KOMMUNE - OPPDATERT VEDTAK

Ein syner til tidlegare innsendt høyringssvar frå Åseral kommune, datert 17.12.2019.

Vedlagt følgjer oppdatert vedtak gjort av kommunestyre i møte 12.12.2019, sak 19/79:
Oppdateringa gjeld fylgjande setning:

Åseral kommunestyre syner til saksutgreiinga. Oppsummert har vi følgjande uttale til NOU 2019:16:

Samt at saksutgreiinga kommunestyret syner til er kopierte inn i vedtaket.

Fullstending høyringssvar fylgjer dette brevet.

Vonar det med dette let seg gjera å oppdatere Åseral kommune sitt høyringssvar.

Med helsing

Janne Thorsland Elvenes
fagleiar, servicekontoret

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedtak:

Åseral kommunestyre syner til saksutgreiinga. Oppsummert har vi følgjande uttale til NOU 2019:16:

- 1. Grunnrenteskatten til staten er føreslått auka. Etablerte ordningar med konsesjonsavgift og konsesjonskraft er føreslått avvikla. For Åseral kommune gir dette eit inntektstap på omlag 22,5 millionar. Samla taper vertskommunar i Noreg 3,66 mrd. Staten aukar si inntekt med 4,4 mrd. Dette er ikkje akseptabelt.*
- 2. Utvalet føreslår ikkje kompensasjon men syner til inntektssystemet. Som eit døme (ikkje framlegg) blir nemnt å auke naturressursskatten frå 1,3 til 4,6 øre/KWh. Dette skal gje full kompensasjon. Desse pengane blir avkorta gjennom inntektssystemet, og for inntekt over landsgjennomsnittet blir vi trekt 60% som går til fordelingspotten. ÅK beheld 40 %. Derfor vil modellen gje auka inntekt for dei folkerike kommunane som ikkje har vannkraftanlegg. I tillegg vil vertskommunane ikkje bli med på ei positiv prisutvikling. Alt tyder på at verdien av fornybar og rein energi vil auke i framtida.*
- 3. Utvalet svarer ikkje på mandatet. Åseral kommune er samde med LVK (som organiserer 175 vertskommunar) og Energi Norge (som representerer dei fleste storkraftprodusentar) om at utvalet sitt framlegg er feil medisin. Effekten blir det motsette av gitt mandat; nemleg å føreslå ordningar som fremja utbygging av ny og rein energi. Framlegget om å skjerpe grunnrenteskatten samt å inkludere småkraft er heilt feil. Grunnrenteskatten er ein superprofittskatt. Det er innretninga av denne skatten som er problemet - noko både kraftprodusentar og vertskommunar er samde om. Både storkraft og småkraft er viktig for Noreg sine bidrag til klimautfordringane. For vertskommunar (oftast distriktskommunar) gjeld verdien av lokale investeringar og arbeidsplassar; for småkraft og styrking av økonomien for grunneigar.*

4. SAMFUNNSKONTRAKT

Dei to siste gitte konsesjonar i Åseral er frå 13.12.2013 og 03.02.2017. Grunnen til at ÅK gjekk positivt inn for desse prosjekta var at det i vedtaka var opplyst kva økonomisk kompensasjon kommunen ville få når det gjaldt konsesjonsavgift, konsesjonskraft og eigedomsskatt. Viss desse avtalte rettane vert tatt bort meiner Åseral kommunestyre at dette er brot på PGR. 97 i Grunnlova ("... gje ei lov tilbakeverkande kraft"). Vi viser her og til vurderingar gjort av Energilovutvalet i NOU 1985:9. Departementet slutta seg til deira konklusjon. Konsesjonsavgifta er eigentleg ei miljøavgift. Ordninga har fungert i 100 år, og dåverande politikarar på Stortinget tok konsekvensen av at naturinngrep ikkje kan reverserast. Miljøtapar er lokalt.

I samfunnskontrakta ligg og konsesjonskraft. Prinsippet er at noko av verdien av naturressursen skal behaldast lokalt, jfr. NOU 2012:9 s. 70 ("lokalsamfunna skal ta del i den verdiskapinga naturressursen gir"). Vi viser her til Innst.401 S (2015-2016) s. 24 (Energimeldinga i 2016) samt Innst. 438 L (2016-2017) s. 3. Åseral kommune meiner at samfunnskontrakta og tilseier at når verdien av kraftressursen aukar - då skal og vi som vertskommune ha del i denne verdiauken.

5. EIGEDOMSSKATT

Både kraftbransjen og vertskommunane er samde om at eigedomsskatten ikkje hindrar samfunnsøkonomiske lønsame kraftinvesteringar. Grunnrenteskatten er problemet - ikkje eigedomsskatten. Utvalet sitt framlegg om å nytte skattemessig verdi for store vasskraftverk vil vere i strid med hovedregelen i Lov om eigedomsskatt som byggjer på verdsetjing til marknadsverdi. Åseral kommune er og heilt usamd i å trekkje fallrettane ut av grunnlaget. Det er reell marknadsverdi som må gjelde. Kva er verdien av eit kraftverk utan fallrettar? Ordninga vi har blir tilrådd av fagutvalg og skatteøkonomar. Vi syner her til NOU 2018:5 samt Innst. O.nr. 62 (1995-96) kamp. 8.1 ("... verdien av naturressursen i tillegg til verdien av investeringa"). Framlegget til utvalet vil og føre til at mange eigedomsskattegrunnlag blir sett til kr 0,-.

GENERELT

Åseral støttar innspela frå LVK og Energi Norge. Utvalet sitt framlegg har gitt bråstopp i all vasskraftutbygging - både stor vasskraft og småkraft. Grunnrenteskatten må som omtala og understreka fleire gonger omfatte superprofitten. Endringar gjort i 2007 (i høve til grunnlaget) må reverserast.

Åseral kommune er og heilt usamd i framlegget om å innføre grunnrenteskatt på småkraft. Framlegget om å senke terskelen for grunnrenteskatt frå 10000 kVA til 1500 kVA må droppast.

I høve til Parisavtalen har Noreg forplikta seg til å redusere klimagassutsleppa med 40% innan 2030. Utan opprusting, utviding og vedlikehald (OU-prosjekt) av eksisterande vasskraftanlegg kan vi ikkje nå dette målet. No er det avgjerande å ta vare på den positive samhandlinga som vi har hatt i 100 år mellom konsesjonær, storsamfunn og lokalsamfunn.

Då må og avtalar (samfunnskontrakta) haldast, og politikarane på Stortinget må sjå til at naudsynnte endringar i berekningane av grunnlaget for grunnrenteskatten må bli gjort. Satsen må setjast ned. Framlegget frå Sanderud - utvalet må skrotast. Det er einaste måten å få bort den usikkerheita som NOU 2019:16 har skapt. I tillegg bør denne type utval alltid vere partsamansette. Som vertskommune for mange store utbyggingar frå 1930-talet og utover forventar Åseral kommunestyre at avtalar inngått er like evigvarande som vasskrafta.

SAKSUGREIING KOMMUNESTYRET SYNER TIL FYLGJER HER:

Bakgrunn:

Regjeringa nedsette i juni 2018 eit ekspertutval for å vurdere beskatninga av vasskraftverk. Utvalet har undersøkt om dagens vasskraftbeskatning hindrar samfunnsøkonomisk lønsamme tiltak i kraftsektoren. Utvalet la fram sin rapport 1. oktober 2019.

Det blir vist til Finansdepartementets høringsbrev 30. september 2019 kor høyringsfristen for NOU 2019:16 - Skattlegging av vannkraftverk er satt til 1. januar 2020.

Åseral kommune er vert for betydeleg utbygging av vasskraft og blir direkte råka av endringar i vilkåra gitt ved utbygging av vasskraft.

Vurdering:

Ekspertutvalet sitt forslag om å oppheve konsesjonsavgift og konsesjonskraft og i realiteten også eigedomsskatt på vasskraftverk inneberer ei utradering av dei kommunale ordningane. Desse ordningane har vore avgjerande for den einighet og aksept som har vært om norsk vasskraftutbygging. Ekspertutvalet sitt forslag vil føre til en omfordeling på 3,7 milliardar kroner frå kommunane til staten.

For Åseral kommune kan endringane i kraftbeskatninga bety eit årlig inntektsbortfall på nærare 30 mill. kroner. Til samanlikning utgjer budsjettet for år 2019 til barnehage og skule 28,3 mill. kroner

Utvalet sitt forslag er historieløst, dramatisk og eit brot på ein 100-årig samfunnskontrakt. Kommunen opplever at det ved større kraftutbygging er etablert ein samfunnskontrakt med de berørte kommunane om at distrikta skal ha ein rettmessig kompensasjon for omfattande naturinngrep. Derfor har Åseral kommune gitt sin tilslutning i konsesjonshandsaminga. Skulle konsesjonsordningene bli avvikla vil det rokke fundamentalt med denne samfunnskontrakten, og kommunen vil oppleve det som eit løftebrudd. Ikkje minst med den kjennskapen dagens folkevalte i kommunen har til dei to nyaste konsesjonane. De to nyaste konsesjonane er frå 2013 (kongelig resolusjon 6. desember 2013) og 2017 (kongelig resolusjon 3. februar 2017) Åseral kommune var positiv til desse konsesjonssøknadene, og den økonomiske kompensasjonen hadde sjølvsagt stor betydning for Kommunestyret sitt vedtak. Det er utrolig viss det kort tid etter bare skal bli satt ein strek over vilkåra som bidreg til inntekter i kommunen. Det er også uforståeleg at slike forslag kan bli gitt med tilbakeverkande kraft og at dei ikkje er i strid med grunnlovens forbod mot å gi lover tilbakeverkande kraft.

Vertskommunar sin rett til ein andel av verdiskapinga frå vasskraftproduksjon i form av konsesjonsavgifter går fram av både konsesjonslovene og av vilkåra i den gitte konsesjon. Kommunane har krav på varige inntekter frå vasskraftutbygginga. Kommunen ser på konsesjonsavgifter som ein miljøavgift. Det er betaling til kommunen for den skade naturinngrepet kjem med ved reguleringa av vassdraget. Ved utbygging av vasskraft vil det bli naturinngrep og det vil ein sjå i kommunen. Natur- og miljøinngrepene forsvinner ikkje med tida og er årsak til betydeleg bortfall av uberørt eller villmarkspreget

natur. Det framstår som utrolig å avvikle den eldste miljøavgifta på vår mest naturinngripande næring for å bygge meir vasskraft. Etter vår meining skal ei miljøavgift være med i rekneskapet for eit vasskraftprosjekt og den kan sjølvstøtt påverke om eit prosjekt er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Å fjerne konsesjonsavgifta er historieløst, miljøfiendtleg og etter vår meining kunnskapsløst.

Kommunen har rett blitt tildelt ein betydeleg mengde konsesjonskraft. Konsesjonskrafta kjem frå mange utbyggingar i Åseral. Konsesjonskrafta som kommunen kan ta ut er som kjent begrensa av straumforbruket innanfor kommunen sine grenser. Omkring ein tredjedelt av tildelt konsesjonskraft kan i dag Åseral kommune gjere seg nytte av, det overskytande av tildelt mengde blir fylkeskommunen sin del. Retten til konsesjonskraft er nedfelt både i lov og i konsesjonsvilkår.

Konsesjonsvilkårene som gir kommunane rett til ein andel av verdiskapinga, må ha same varighet som konsesjonen. Det er umoralsk mot de lokalsamfunn som har sagt ja til vasskraftutbygging å fjerne rettighet etter at utbygginga er gjennomført. Rettighetene til konsesjonsavgifter og konsesjonskraft kan ikkje «avvikles» utan vidare.

Vi meiner det må være rett at kommunen skal få del i verdiskapelsen som skjer gjennom regulering i kommunen og som blir tatt i bruk av andre. Vi kan ikkje sjå at Stortingets enstemmige syn i 2016 og 2017 har «utspilt sin rolle». Alle parti på stortinget sa ved handsaminga av energimeldinga i 2016, med litt ulik ordlyd, at dagens konsesjonsordningar fungerer etter intensjonen.

Ein enstemmig energi- og miljøkomité trakk fram kommunane si rettmessige verdiandel ved innstillinga:

«Komiteen viser til at formålet med konsesjonsordningene er å sikre vertskommunene en andel av verdiskapningen som vannkraftutbyggingen gir opphav til, og vertskommunene bidrar gjennom avståelse av naturressurser til denne verdiskapningen.» (Innst. 401 S (2015-2016) s. 24)

En enstemmig Energi- og miljøkomité bemerket også:

«Komiteen [...] viser til at industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven i over 100 år har vært fundamentet for forvaltningen av våre vannkraftressurser. Gjennom avgifter, beskatning, konsesjonskraft og lignende mekanismer har man sikret at allmennheten får en del av verdiskapningen, og at de lokalsamfunn som er berørt av kraftutbygging, får kompensasjon for beslag av arealer og naturverdier. Hensyn til natur og miljø og annen bruk av arealer og vann har blitt ivaretatt gjennom konsesjonsbehandling etter dette lovverket.» jf. Innst. 438 L (2016-2017) s. 3.

Forslaget om at eigedomsskatten skal baserast på skattemessig verdi for kraftanlegg er eit dårleg forslag og etter vår oppfatning i strid med eigedomsskatten sin hovudregel i § 8A-2. Vår erfaring med denne måten å verdsette småkraftverk på er at det gjer det svært vanskeleg for lønsomheten ved nye investeringar. Skattemessig verdi vil innebere at eigedomsskatten vil bli størst i dei fyrste årene etter at investeringa blir gjennomført, mens skatten blir lågare når lønsomheten aukar. Vi kan ikkje sjå at dette vil føre til mange nye investeringar. For Åseral kommune vil forslaget føre til betydeleg mindre inntekt frå eigedomsskatt. Ei inntekt som ikkje er ein del av inntektssystemet og som fullt ut kjem kommunen til gode. Vi kan ikkje sjå at å ta verdien av vatnefallet og produksjonsutstyr ut av skattegrunnlaget er i

overenstemmelse med eigedomsskatteloven sitt grunnprinsipp om at grunnlaget skal være til anlegget sitt reelle marknadsværdi.

Utvalet sin hovudoppgåve var å fremme forslag som var til hinder for å få frem samfunnsøkonomiske vasskraftutbyggingar og rehabiliteringar. Kraftbransjen pekte på at det er den statlige grunnrenta som er til hinder for investeringar. Utvalet sine forslag meiner bransjen er feil medisin.

Kraftbransjen ser at å fjerne dei kommunale ordningane vil føre til massiv motstand mot vasskraftutbyggingar. Og det er vanskeleg å sjå den kommunen som er positiv til store negative inngrep i sin natur utan at det blir lagt igjen ein betydeleg kompensasjon.

Det er viktig for kommunen at inntektene i størst mulig grad er forutsigbare og at de kan gå inn i den langsiktige planlegginga av kommunen sin framtid. Det er vanskelig å sjå for seg at ein kompensasjon skal til enhver tid være avhengig av politiske vedtak for overføringer. Det er dessverre slik at kommunen har negative erfaringar med orda «full kompensasjon».

Seinast nå ved endringar av eigedomsskatten kor kommunen ikkje får den kompensasjonen vi vart lova, då det ikkje vart bevilga nok midlar til ei slik overføring.

Utvalget skulle ikkje sjå på fordeling av kraftinntekter mellom staten, kommunar og fylkeskommunar. Frå utvalets sin rapport side 158 står det:

«For å illustrere et ytterpunkt for fordeling har utvalget sett på en full omfordeling av provenyeffekten mellom stat, kommuner og fylkeskommuner via naturressursskatten. Det understrekes at det bare er en illustrasjon og ikke et forslag fra utvalget. For å opprettholde uendret samlet fordeling av inntekter mellom stat, kommuner og fylkeskommuner måtte naturressursskatten økes fra 1,3 til 4,6 øre per KWh.»

Naturressursskatt er ein del av inntektssystemet/overføringane til kommunane. Kommunenes Sentralforbund (KS) har sett på korleis ei slik endring ville slå ut for kommunane.

For Åseral kommune ville det medføre eit tap på 23 mill. kroner. Det visar at omfordelinga ikkje kan kompenseras gjennom auka naturressursskatt som inngår i overføringssystemet.

Vedtak:

Åseral kommunestyre syner til saksutgreiinga. Oppsummert har vi følgjande uttale til NOU 2019:16:

- 1. Grunnrenteskatten til staten er føreslått auka. Etablerte ordningar med konsesjonsavgift og konsesjonskraft er føreslått avvikla. For Åseral kommune gir dette eit inntektstap på omlag 22,5 millionar. Samla taper vertskommunar i Noreg 3,66 mrd. Staten aukar si inntekt med 4,4 mrd. Dette er ikkje akseptabelt.*
- 2. Utvalet føreslår ikkje kompensasjon men syner til inntektssystemet. Som eit døme (ikkje framlegg) blir nemnt å auke naturressursskatten frå 1,3 til 4,6 øre/KWh. Dette skal gje full kompensasjon. Desse pengane blir avkorta gjennom inntektssystemet, og for inntekt over landsgjennomsnittet blir vi trekt 60% som går til fordelingspotten. ÅK beheld 40 %. Derfor vil modellen gje auka inntekt for dei folkerike kommunane som ikkje har vannkraftanlegg. I tillegg vil vertskommunane ikkje bli med på ei positiv prisutvikling. Alt tyder på at verdien av fornybar og rein energi vil auke i framtida.*
- 3. Utvalet svarer ikkje på mandatet. Åseral kommune er samde med LVK (som organiserer 175 vertskommunar) og Energi Norge (som representerer dei fleste storkraftprodusentar) om at utvalet sitt framlegg er feil medisin. Effekten blir det motsette av gitt mandat; nemleg å føreslå ordningar som fremja utbygging av ny og rein energi. Framlegget om å skjerpe grunnrenteskatten samt å inkludere småkraft er heilt feil. Grunnrenteskatten er ein superprofittskatt. Det er innretninga av denne skatten som er problemet - noko både kraftprodusentar og vertskommunar er samde om. Både storkraft og småkraft er viktig for Noreg sine bidrag til klimautfordringane. For vertskommunar (oftast distriktskommunar) gjeld verdien av lokale investeringar og arbeidsplassar; for småkraft og styrking av økonomien for grunneigar.*

4. SAMFUNNSKONTRAKT

Dei to siste gitte konsesjonar i Åseral er frå 13.12.2013 og 03.02.2017. Grunnen til at ÅK gjekk positivt inn for desse prosjekta var at det i vedtaka var opplyst kva økonomisk kompensasjon kommunen ville få når det gjaldt konsesjonsavgift, konsesjonskraft og eigedomsskatt. Viss desse avtalte rettane vert tatt bort meiner Åseral kommunestyre at dette er brot på PGR. 97 i Grunnlova ("... gje ei lov tilbakeverkande kraft"). Vi viser her og til vurderingar gjort av Energilovutvalet i NOU 1985:9. Departementet slutta seg til deira konklusjon. Konsesjonsavgifta er eigentleg ei miljøavgift. Ordninga har fungert i 100 år, og dåverande politikarar på Stortinget tok konsekvensen av at naturinngrep ikkje kan reverserast. Miljøtaper er lokalt.

I samfunnskontrakta ligg og konsesjonskraft. Prinsippet er at noko av verdien av naturressursen skal behaldast lokalt, jfr. NOU 2012:9 s. 70 ("lokalsamfunna skal ta del i den verdiskapinga naturressursen gir"). Vi viser her til Innst.401 S (2015-2016) s. 24 (Energimeldinga i 2016) samt Innst. 438 L (2016-2017) s. 3. Åseral kommune meiner at samfunnskontrakta og tilseier at når verdien av kraftressursen aukar - då skal og vi som vertskommune ha del i denne verdiauken.

5. EIGEDOMSSKATT

Både kraftbransjen og vertskommunane er samde om at eigedomsskatten ikkje hindrar samfunnsøkonomiske lønsame kraftinvesteringar. Grunnrenteskatten er problemet - ikkje eigedomsskatten. Utvalet sitt framlegg om å nytte skattemessig verdi for store vasskraftverk vil vere i strid med hovedregelen i Lov om eigedomsskatt som byggjer på verdsetjing til marknadsverdi. Åseral kommune er og heilt usamd i å trekkje fallrettane ut av grunnlaget. Det er reell marknadsverdi som må gjelde. Kva er verdien av eit kraftverk utan fallrettar? Ordninga vi har blir tilrådd av fagutvalg og skatteøkonomar. Vi syner her til NOU 2018:5 samt Innst. O.nr. 62 (1995-96) kamp. 8.1 ("... verdien av naturressursen i tillegg til verdien av investeringa"). Framlegget til utvalet vil og føre til at mange eigedomsskattegrunnlag blir sett til kr 0,-.

GENERELT

Åseral støttar innspela frå LVK og Energi Norge. Utvalet sitt framlegg har gitt bråstopp i all vasskraftutbygging - både stor vasskraft og småkraft. Grunnrenteskatten må som omtala og understreka fleire gonger omfatte superprofitten. Endringar gjort i 2007 (i høve til grunnlaget) må reverserast.

Åseral kommune er og heilt usamd i framlegget om å innføre grunnrenteskatt på småkraft. Framlegget om å senke terskelen for grunnrenteskatt frå 10000 kVA til 1500 kVA må droppast.

I høve til Parisavtalen har Noreg forplikta seg til å redusere klimagassutsleppa med 40% innan 2030. Utan opprusting, utviding og vedlikehald (OU-prosjekt) av eksisterande vasskraftanlegg kan vi ikkje nå dette målet. No er det avgjerande å ta vare på den positive samhandlinga som vi har hatt i 100 år mellom konsesjonær, storsamfunn og lokalsamfunn.

Då må og avtalar (samfunnskontrakta) haldast, og politikarane på Stortinget må sjå til at naudsynte endringar i berekningane av grunnlaget for grunnrenteskatten må bli gjort. Satsen må setjast ned. Framlegget frå Sanderud - utvalet må skrotast. Det er einaste måten å få bort den usikkerheita som NOU 2019:16 har skapt. I tillegg bør denne type utval alltid vere partsamansette. Som vertskommune for mange store utbyggingar frå 1930-talet og utover forventar Åseral kommunestyre at avtalar inngått er like evigvarande som vasskrafta.

SAKSUGREIING KOMMUNESTYRET 12.12.2019:

Bakgrunn:

Regjeringa nedsette i juni 2018 eit ekspertutval for å vurdere beskatninga av vasskraftverk. Utvalet har undersøkt om dagens vasskraftbeskatning hindrar samfunnsøkonomisk lønsamme tiltak i kraftsektoren. Utvalet la fram sin rapport 1. oktober 2019.

Det blir vist til Finansdepartementets høringsbrev 30. september 2019 kor høyringsfristen for NOU 2019:16 - Skattlegging av vannkraftverk er satt til 1. januar 2020.

Åseral kommune er vert for betydeleg utbygging av vasskraft og blir direkte råka av endringar i vilkåra gitt ved utbygging av vasskraft.

Vurdering:

Ekspertutvalet sitt forslag om å oppheve konsesjonsavgift og konsesjonskraft og i realiteten også eigedomsskatt på vasskraftverk inneberer ei utradering av dei kommunale ordningane. Desse ordningane har vore avgjerande for den einighet og aksept som har vært om norsk vasskraftutbygging. Ekspertutvalet sitt forslag vil føre til en omfordeling på 3,7 milliardar kroner frå kommunane til staten.

For Åseral kommune kan endringane i kraftbeskatninga bety eit årlig inntektsbortfall på nærare 30 mill. kroner. Til samanlikning utgjer budsjettet for år 2019 til barnehage og skule 28,3 mill. kroner

Utvalet sitt forslag er historieløst, dramatisk og eit brot på ein 100-årig samfunnskontrakt. Kommunen opplever at det ved større kraftutbygging er etablert ein samfunnskontrakt med de berørte kommunane om at distrikta skal ha ein rettmessig kompensasjon for omfattande naturinngrep. Derfor har Åseral kommune gitt sin tilslutning i konsesjonshandsaminga. Skulle konsesjonsordningene bli avvikla vil det rokke fundamentalt med denne samfunnskontrakten, og kommunen vil oppleve det som eit løftebrudd. Ikkje minst med den kjennskapen dagens folkevalte i kommunen har til dei to nyaste konsesjonane.

De to nyaste konsesjonane er frå 2013 (kongelig resolusjon 6. desember 2013) og 2017 (kongelig resolusjon 3. februar 2017) Åseral kommune var positiv til desse konsesjonssøknadene, og den økonomiske kompensasjonen hadde sjølvsagt stor betydning for Kommunestyret sitt vedtak. Det er utrolig viss det kort tid etter bare skal bli satt ein strek over vilkåra som bidreg til inntekter i kommunen. Det er også uforståeleg at slike forslag kan bli gitt med tilbakeverkande kraft og at dei ikkje er i strid med grunnlovens forbod mot å gi lover tilbakeverkande kraft.

Vertskommunar sin rett til ein andel av verdiskapinga frå vasskraftproduksjon i form av konsesjonsavgifter går fram av både konsesjonslovene og av vilkåra i den gitte konsesjon. Kommunane har krav på varige inntekter frå vasskraftutbygginga.

Kommunen ser på konsesjonsavgifter som ein miljøavgift. Det er betaling til kommunen for den skade naturinngrepet kjem med ved reguleringa av vassdraget. Ved utbygging av vasskraft vil det bli naturinngrep og det vil ein sjå i kommunen. Natur- og miljøinngrepene forsvinner ikkje med tida og er årsak til betydeleg bortfall av uberørt eller villmarkspreget natur. Det framstår som utrolig å avvikle den eldste miljøavgifta på vår mest naturinngripande næring for å bygge meir vasskraft. Etter vår meining skal ei miljøavgift være med i rekneskapet for eit vasskraftprosjekt og den kan sjølvstøtt påverke om eit prosjekt er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Å fjerne konsesjonsavgifta er historieløst, miljøfiendtleg og etter vår meining kunnskapsløst.

Kommunen har rett blitt tildelt ein betydeleg mengde konsesjonskraft. Konsesjonskrafta kjem frå mange utbyggingar i Åseral. Konsesjonskrafta som kommunen kan ta ut er som kjent begrensa av straumforbruket innanfor kommunen sine grenser. Omkring ein tredjedelt av tildelt konsesjonskraft kan i dag Åseral kommune gjere seg nytte av, det overskytande av tildelt mengde blir fylkeskommunen sin del. Retten til konsesjonskraft er nedfelt både i lov og i konsesjonsvilkår.

Konsesjonsvilkårene som gir kommunane rett til ein andel av verdiskapinga, må ha same varighet som konsesjonen. Det er umoralsk mot de lokalsamfunn som har sagt ja til vasskraftutbygging å fjerne rettighet etter at utbygginga er gjennomført. Rettighetene til konsesjonsavgifter og konsesjonskraft kan ikkje «avvikles» utan vidare.

Vi meiner det må være rett at kommunen skal få del i verdiskapelsen som skjer gjennom regulering i kommunen og som blir tatt i bruk av andre. Vi kan ikkje sjå at Stortingets enstemmige syn i 2016 og 2017 har «utspilt sin rolle». Alle parti på stortinget sa ved handsaminga av energimeldinga i 2016, med litt ulik ordlyd, at dagens konsesjonsordningar fungerer etter intensjonen.

Ein enstemmig energi- og miljøkomité trakk fram kommunane si rettmessige verdiandel ved innstillinga:

«Komiteen viser til at formålet med konsesjonsordningene er å sikre vertskommunene en andel av verdiskapningen som vannkraftutbyggingen gir opphav til, og vertskommunene bidrar gjennom avståelse av naturressurser til denne verdiskapningen.» (Innst. 401 S (2015-2016) s. 24)

En enstemmig Energi- og miljøkomité bemerket også:

«Komiteen [...] viser til at industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven i over 100 år har vært fundamentet for forvaltningen av våre vannkraftressurser. Gjennom avgifter, beskatning, konsesjonskraft og lignende mekanismer har man sikret at allmennheten får en del av verdiskapningen, og at de lokalsamfunn som er berørt av kraftutbygging, får kompensasjon for beslag av arealer og naturverdier. Hensyn til natur og miljø og annen bruk av arealer og vann har blitt ivaretatt gjennom konsesjonsbehandling etter dette lovverket.» jf. Innst. 438 L (2016-2017) s. 3.

Forslaget om at eigedomsskatten skal baserast på skattemessig verdi for kraftanlegg er eit dårleg forslag og etter vår oppfatning i strid med eigedomsskatten sin hovudregel i § 8A-2. Vår erfaring med denne måten å verdsette småkraftverk på er at det gjer det svært vanskeleg for lønsomheten ved nye investeringar. Skattemessig verdi vil innebere at eigedomsskatten vil

bli størst i dei fyrste årene etter at investeringa blir gjennomført, mens skatten blir lågare når lønsomheten aukar. Vi kan ikkje sjå at dette vil føre til mange nye investeringar. For Åseral kommune vil forslaget føre til betydeleg mindre inntekt frå eigedomsskatt. Ei inntekt som ikkje er ein del av inntektssystemet og som fullt ut kjem kommunen til gode. Vi kan ikkje sjå at å ta verdien av vatnefallet og produksjonsutstyr ut av skattegrunnlaget er i overenstemmelse med eigedomsskatteloven sitt grunnprinsipp om at grunnlaget skal være til anlegget sitt reelle marknadsverdi.

Utvalet sin hovudoppgåve var å fremme forslag som var til hinder for å få frem samfunnsøkonomiske vasskraftutbyggingar og rehabiliteringar. Kraftbransjen pekte på at det er den statlige grunnrenta som er til hinder for investeringar. Utvalet sine forslag meiner bransjen er feil medisin.

Kraftbransjen ser at å fjerne dei kommunale ordningane vil føre til massiv motstand mot vasskraftutbyggingar. Og det er vanskeleg å sjå den kommunen som er positiv til store negative inngrep i sin natur utan at det blir lagt igjen ein betydeleg kompensasjon. Det er viktig for kommunen at inntektene i størst mulig grad er forutsigbare og at de kan gå inn i den langsiktige planlegginga av kommunen sin framtid. Det er vanskelig å sjå for seg at ein kompensasjon skal til enhver tid være avhengig av politiske vedtak for overføringer. Det er dessverre slik at kommunen har negative erfaringar med orda «full kompensasjon». Seinast nå ved endringar av eigedomsskatten kor kommunen ikkje får den kompensasjonen vi vart lova, då det ikkje vart bevilga nok midlar til ei slik overføring.

Utvalget skulle ikkje sjå på fordeling av kraftinntekter mellom staten, kommunar og fylkeskommunar. Frå utvalets sin rapport side 158 står det:

«For å illustrere et ytterpunkt for fordeling har utvalget sett på en full omfordeling av provenyeffekten mellom stat, kommuner og fylkeskommuner via naturressursskatten. Det understrekes at det bare er en illustrasjon og ikke et forslag fra utvalget. For å opprettholde uendret samlet fordeling av inntekter mellom stat, kommuner og fylkeskommuner måtte naturressursskatten økes fra 1,3 til 4,6 øre per kWh.»

Naturressursskatt er ein del av inntektssystemet/overføringane til kommunane. Kommunenes Sentralforbund (KS) har sett på korleis ei slik endring ville slå ut for kommunane.

For Åseral kommune ville det medføre eit tap på 23 mill. kroner. Det visar at omfordelinga ikkje kan kompenseras gjennom auka naturressursskatt som inngår i overføringssystemet.